



Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Eyvin Søltnæs, 5764 3135

Fråsegn til søknad om installasjon av nytt aggregat i Joka kraftverk - Vik kommune

Fylkesmannen meiner at installasjon av eit nytt aggregat i Joka kraftverk vil redusere vassføringa på ei elvestrekning påverka av eksisterande vassutak og forbyggingsinngrep, men at tilleggseffekten truleg vil få liten negativ effekt på naturmiljø og friluftsliv.

Vi viser til oversendinga 28. juni 2019 med søknad om installasjon av eit nytt aggregat i Joka kraftverk i Fresvikvassdraget.

Endringa vil innebere at slukeevna for kraftverket aukar frå 3,0 m³/s til 3,25 m³/s, og dermed vil det bli noko redusert vassføring i elva i periodar med overløp i dag. Vassutnyttinga vil bli 116 prosent av middelvassføringa (oppgitt til 2,8 m³/s i vedlegget om hydrologi).

Vi kjenner ikkje til raudlistearter eller viktig naturmiljø som kan verte påverka av noko ytterlegare redusert vassføring på den utbygde strekninga. Delar av strekninga er godt eksponert frå vegen opp dalen, som er innfallsport til eit stort regionalt friluftsområde og Nærøyfjorden landskapsvernområde.

Fresvikelvi er prega av eit førbygt og dels kanalisert elveløp, og på store strekningar manglar det kantvegetasjon. Dette gjeld også den delen av den utbygde strekninga som er eksponert frå vegen. Ytterlegare litt redusert vassføring vil gi ein tilleggseffekt til den eksisterande negative påverknaden. Sidan vassføringa er påverka av bresmelting vil det vere vanleg med overløp i kraftverket i den viktigaste tursesongen, og endringa vil truleg ikkje få særleg effekt på landskapsopplevinga.

Vi konstaterer at endringa vil gi eit auka årleg energiutbytte på 0,6 GWh, og at den nye slukeevna også er låg samanlikna med vanleg nivå for nyare kraftverkskonsesjonar.

Med helsing

Eline Orheim
seksjonsleiar

Eyvin Søltnæs
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Miljødirektoratet
Vik kommune

Askedalen 2
Postboks 5672 Torgarden
Postboks 134

6863	LEIKANGER
7485	TRONDHEIM
6891	VIK I SOGN